

Stranda barneskule

Skulebiblioteket



Skuleåret 2024/25: 320 elevar

- **Bokbase:** 5513 antall bøker.
- **Årleg bok-innkjøp:** Budsjett 30 000 kr. Me handlar på sal, både i butikk og på nett, brukbutikkar og loppemarknadar. I brukbutikkar og på loppemarknadar kan ein finne bøker som framleis vert selde i bokhandelen. Me får og ein del bøker hjå ansatte og foreldre. Her er me kritiske, det me ikkje vil ha i biblioteket går til klassebibliotek og til gjenbruk.
- **Openet:** Heile skuledagen. Elevambassadørane, 13 stk i år, arbeider fem dagar i veka i storefri, 7. klasse er tenkt utvida teneste om morgonen i lesekvarter etter jul.

Skulebibliotekar, 3 skuletimar i veka + 5 storefri i veka.

I år og til neste skuleår planlegg vi å skape ein psykososial arena i friminutt, slik at elevar som treng det kan kome i biblioteket for å lese, spele spel eller prate.

Lokal skulebibliotekplan

Me på Stranda skule ynskjer å fremje leselyst og dermed auke leseferdigitetene hjå elevane våre. Det er ei kjensgjerning at dei som les mykje vert flinke til å lese. Å lese mykje og langt er svært viktig for elevane si leseferdigheit og læring.

Det er også viktig for skulen å ha eit velfungerande skulebibliotek for å kunne arbeide godt etter den kommunale leseplanen.

Derfor ynkjer me å ha eit bibliotek som gir god tilgang til lesestoff som freistar og engasjerer til alle våre elevar uavhengig av kven dei er, kva kjønn dei har og kvar dei kjem ifrå.

Dette gjer at biblioteket vårt er i endring. Me må ha ny, variert litteratur å tilby elevane.

Vår visjon er å treffen dei lesarane som strevar og ha litteratur som løfter dei vidare inn i meir komplisert lesing, å møte ein variasjon av lesarar gjennom

ein valfridom som fremjar lystlesing og eit fokus på å halda ut i tekst og ha eit ynskje om å lesa meir.



Skulebiblioteket som pedagogisk ressurs

Samarbeid

Skulebibliotekar er med på utvalde trinnmøter og plangruppemøter for å løfte fram pedagogisk arbeid knytt til skulebiblioteket.

Skulebibliotekar er og knytt opp mot mellomtrinnet som leselærar. Dermed og knytt opp mot ressursteam og er ein del av det pedagogiske fellesskapet som skal styrke lesedugleiken ved skulen vår.

Utviklingsarbeid på skulen

På Stranda barneskule er skulebiblioteket ein del av utviklingsarbeidet til skulen. Biblioteket er rusta opp med mykje ny litteratur, vi er på veg til å lage nye leseprosjekt for elevane på mellomtrinnet. Småtrinnet har faste forfattarar dei lærer om, etter kva for trinn dei er på.

I tråd med DDI, kor alle elevar skal kunne delta aktivt i læringsfellesskapet, jobbar vi for at skulebiblioteket skal ha nok litteratur som er tilpassa alle elevar. Me skal ha eit bibliotek for alle.

I utviklingstida for pedagogar vert det frå våren 2025 lagt inn tid kvar månad til informasjon kring biblioteket. Det vert og satt av tid til dette på utviklingstida for SFO-medarbeidarar.

Stranda skule har timeplanfesta bruken av skulebiblioteket i eit årshjul, der alle klasstrinn har allokkert tid kvar veke.

Skulebiblioteket vårt har vore i stor endring dei siste åra. Frå å ha vore eit tradisjonelt bibliotek med bokryggane fram, står dei fleste av bøkene våre no med fronten fram. Dette, saman med veggane våre, gjer det lettare, trur me, å finne fram til den boka ein ynskjer å ha.



For å gjøre det lett for dei fotballintresserte gutane har me laga til ein lett synleg plass for bøker om fotball, fotballheltar og sport. Denne er enormt populær. Her heng og ein oversikt over kva for bøker dei kan vente å finne, og det er ei eiga venteliste for dei mest populære bøkene.


Spel- og møteplass

På hemsen i enden av amfiet har me laga ein spel- og møteplass for elevar og dei som måtte trenge ein roleg plass for ein prat. Veggane er dekorert med

kunstverka frå vinnarane av biblioteket sin teiknekonkurranse skuleåret 2022/23.



Elevmedverknad



Bibliotekambassadørane, tidlegare bibliotekassistentar, bidreg til å gjere det triveleg på biblioteket. Dei lagar bokutstillingar, pyntar til høgtider, lagar plakatar og anna når det skal vera ulike bokprosjekt. Bibliotekambassadørane får og føreslå innkjøp av bøker og seriar som dei meiner kan slå an hjå elevane.

Etterkvart er det meininga at dei eldste ambassadørane skal ha ansvar for utlån og innlevering av bøker i lesestunda kvar morgen. Denne varierer i lengd frå eit kvarter til ein halvtime.

I 2023 deltok skulen og
var Stranda skulebibliotek sitt



biblioteket i Bokkassen 200 år og det
bidrag som vann.

Forfattarbesøk



Skulebiblioteket har vore så heldig å ha hatt fleire forfattarbesøk i det siste. På våren og tidleg sommaren 2023 hadde me besøk av *Klodklubben*-forfattar, Ruth Lillegraven og forfattar og illustratør Reidar Kjelsen. Ruth Lillegraven skriv littleste bøker om miljøkriminalitet. Då Ruth var på besøk var ho innom i fleire klassar og fortalte om bøkene sine, miljøkriminalitet og om å vera forfattar.



Litt seinare, då sumaren nærma seg, kom illustratør og forfattar Reidar Kjelsen. Han er kanskje mest kjend for dei fleste for sine fantastiske illustrasjonar til *Otto Monsterbøkene*. Han har også laga fleire Leseløvebøker og morosame småekle bøker. Det var mykje lyd og mange rare opplysningar under dette besøket. Det var kjempegøy! Me håper på fleire forfattarbesøk i framtida.




Lesefremjande arbeid

Gjennom ulike aktivitetar knytt til lesing skal Stranda barneskule vera med å inspirere og vekkje leselyst hjå elevane.



Me prøver å ha eit variert utval av bøker. Her viser me fram kva for faktabøker elevane kan vente å finne i hyllene våre.



Me har ein liten og koseleg lesekrok på biblioteket vårt. Den vert nytta av elevar som vil kike igjennom bøker før dei låner, og av dei som vil ha seg ei stille lesestund ein til ein eller i ei lita gruppe.

I årshjulet til skulebiblioteket er det sett av tid til:

- Leseprosjekt på alle trinn, kvart halvår
- Timeplanfesta bibliotektid
- Lesekvart kvar dag i alle klassar
- Høgtlesing i maten i alle klasserom så godt som kvar dag gjennom heile året, opptrapping i desember med julebok/julekalenderlesing.
- “Les og leik”-leseprosjekt i SFO heile skuleåret.